

## SAGT OM HALVØYA

Av Sigmunn Hebnes frå Hebnes

**Solnedgong over Neshaugane**

"Det er sagt mye fint om Ropeidhalvøynå, og med rette. Slik den ligg mellom Vindafjorden og Sandsfjorden, frå festet i fastlandet ved Ropeid og til det vestlegaste punktet mot Boknafjorden, ligg den som eit variert landskap og inviterer til stor gjestfridom. Etter at Ropeidvegen kom i 1990, før ikkje å snakke om vegen mellom Hebnes og Tveita i 1969 og til Finnvik/Torsteinbu før det igjen, så er halvøynå også bunden saman til eitt rike, med til dømes to butikkar, mot før minst fem. Når Sandsfjordbrua står klar i 2013, er også halvøynå integrert i resten av Suldal.



**Foto: Marita Lindal Haug**

Halvøynå har ei utruleg fin kysstripe, frå flotte svaberg mot Vindafjorden til stupbratte fjell langs Sandsfjorden. Og innimellom koselege viker med plass til hytter og båthamner, som Vormestrandsstrand, Varnes, Bjødnavågen, Vatlandsvatn og Marvik.

Halvøynå har også sterke minne om historisk tid, med til dømes "Ryfylkes pyramidar," gravrøysane på Neshaugane på Hebnes, Torstein av Heimnes-bautaen, og museum og gruver i Kjølvik med meir.

Halvøynå har eit aktivt jordbruk med kjøt- og mjølkeproduksjon, det blir tatt ut mye skog og det blir dyrka juletre, og det er yrkesfiskarar og oppdrettarar blant innbyggjarane.

Det er stas å vera fødd og oppvaksen, og ha barndomsheimen på Hebnes som ferie- og fritidsbustad på Ropeidhalvøynå, tykkjer eg, Sigmunn Hebnes."